

## VR-sak 06/17: Handlingsprogram for Vestlandsrådet sitt arbeid i Nordsjøkommisjonen i 2017

### Bakgrunn

Vestlandsrådet fekk i første møte 2016 ei orientering om Nordsjøkommisjonen og potensialet for å påverke organisasjonen (sak 06/16) gjennom ein strategisk innsats. Det vart vidare lagt fram ei sak om strategisk arbeid i Nordsjøkommisjonen i mai 2016 (sak 16/16). Vestlandsrådet valde å behalde dagens ordning der Vestlandsfylka peikar ut sine representantar i dei tematiske gruppene, men at interesser og innspeil i saker med sterkt Vestlandsprofil vert nærmere samordna. Det har tidlegare vore gjort forsøk på å etablere rutinar for samordning via Vestlandsrådet. Ei betre koordinering og informasjonsflyt krev at det internasjonale arbeidet vert ein integrert del av Vestlandsrådet sin agenda samt ei forplikting frå utpeikte representantar. Vestlandsrådet tinga samstundes ein evaluéringsrapport som vart lagd fram i november 2016 (sak 24/16). Vestlandsrådet tok evaluéringsrapporten til orientering, og bad sekretariatet legge fram referat frå generalforsamling, styremøte og tematiske grupper i Nordsjøkommisjonen.

I tillegg bad Vestlandsrådet sekretariatet å legge fram ein årleg handlingsplan for Vestlandsrelevante saker med konkrete målsettingar og definering av kven som har ansvar i første møte i 2017.

### Problemstilling

Det vert framlagt ei handlingsplan for Vestlandsrådet sitt arbeid i Nordsjøkommisjonen 2017.

### Politisk plattform for Vestlandsrådet

Vestlandsrådet skal koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen innanfor følgjande prioriterte satsingsområde:

- Internasjonalt arbeid
- Samferdsle
- Innovasjon, næringsretta FOU og næringsutvikling
- Kystressursforvaltning – marin verdiskaping
- Kultur der det er klåre fellesinteresser

### Sentrale arbeidsfelt i Nordsjøkommisjonen

Arbeidet i Nordsjøkommisjonen vert styrt av strategidokumentet «North Sea Region 2020». Strategidokumentet gjev argumentasjon for behovet for meir strategisk samarbeid i Nordsjøbassenget ved å definere felles utfordringar, moglegheiter og prioriterte område for samarbeid. Dei prioriterte områda er; berekraftige lokalsamfunn, klima og miljø, forvalting av sjøareala og transport.

Strategien vert dels operasjonalisert gjennom arbeid i dei tematiske gruppene; Marine Resources, Transport, Energy and Climate Change og ei nyoppretta gruppe for å følgje opp saksfeltet Attractive and Sustainable Communities. Det er ei rekke fagfelt i dei tematiske gruppene med klår overlapping til Vestlandsrådet (som skissert i sak 16/16). Vestlandsfylka har ulik representasjon i dei tematiske gruppene. Sekretariatet i Vestlandsrådet, i samarbeid med representantar i dei tematiske gruppene, kan plukke opp relevante saker og spele desse inn til Vestlandsrådet når dette er relevant.

# Vestlandsrådet

I tillegg er det ei rekke overordna tema der medlemsregionane har moglegheit til å påverke om dei har ei strategisk tilnærming. Handlingsplanen under har identifisert nokre slike overordna tema der Vestlandsrådet kan delta og påverke utviklinga.

## **Handlingsplan for Vestlandsrådet sitt strategiske arbeid i Nordsjøkommisjonen 2017:**

- Utarbeide felles innspel til CPMR si slutterklæring på generalforsamlinga hausten 2017.

På generalforsamlinga til CPMR kvar haust vert det utarbeidd ei slutterklæring som viser retninga CPMR ønskjer å gå i i året som kjem. Dokumentet vert eit viktig lobbydokument som er sendt direkte til dei europeiske institusjonane. Nordsjøkommisjonen organiserer felles innspel frå medlemsregionane. Sakene som utgjer slutterklæringa vert handsama på styremøta (Political Bureau) gjennom året. Vestlandsrådet er representert ved norsk medlem Marianne Chesak, samt administrativ støtte. På sjølve generalforsamlinga har alle medlemsregionar møterett.

- Utvikle eit politisk posisjonsdokument for kva Brexit vil ha å seie for Vestlandet.

Brexit vil kunne få store konsekvensar for utviklinga i Nordsjøregionen. For å møte utfordringane er det føremålstenleg å utvikle ein posisjon på kva dette vil bety for Vestlandet og korleis Vestlandsfylka bør innrette seg. Brexit er høgt på agendaen i Nordsjøkommisjonen, og styret (Executive Committee) er bede om å ta stilling til å etablere ei *task force* (beredskapsgruppe) for å følgje utviklinga.

Vestlandsfylka har høve til å delta i ei slik task force. Tematikken er også særskilt viktig i CPMR der det er utarbeidd eit dokument «The Future of Europe». CPMR ber medlemsregionane om å ta ein aktiv del i dette arbeidet. For Vestlandsrådet er følgjende aktivitetar føreslagne i 2017 basert på felles posisjon:

- Utnevne ein politikar til å delta i ei task force om Brexit i Nordsjøkommisjonen. Internasjonal gruppe i Vestlandsrådet kan bistå som administrativ støtte.
- Delta aktivt i CPMR sitt arbeid om Brexit.
- Føreslå at Brexit vert eit tema under den norske dagen før Open Days.
- Arrangere eit seminar om Brexit på Vestlandet med deltaking frå regjeringa.

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere følgjande vedtak:

**Vestlandsrådet tek handlingsplanen for Vestlandsrådet sitt arbeid i Nordsjøkommisjonen i 2017 til vitande.**